

miljøpartiet
dei grøne

osterøy

PROGRAM
FOR
OSTERØY KOMMUNE
2015 - 2019

Innhald

Tenk nytt - stem grønt!	side 3
Eit miljøvenleg og levekraftig lokalsamfunn	side 3
Næringsliv, land- og havbruk	side 4
Oppvekst	side 5
Helse og omsorg	side 6
Kultur, idrett og fritid	side 7
Samferdsel	side 8
Økonomi	side 8
Lokaldemokrati	side 9
Natur- og dyrevern	side 10

Tenk nytt - stem grønt!

Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) er opptatt av levande bygder og eit berekraftig samfunn som tek omsyn til natur og miljø lokalt, nasjonalt og globalt. MDG vil arbeide for at framtidige generasjonar skal kunne ha glede og nytte av jorda vår. Me ønsker å gjere den grøne øya, Osterøy, til eit førebilete for korleis omsyn til natur og lokalmiljø kan gjerast gjennom berekraftig økonomi og naturforvaltning. Det er fleire døme på lokalsamfunn der ein har sett i verk klimasmarte tiltak som både har gjeve økonomisk vinst og eit berekraftig miljø for framtidige generasjonar:

- Växjö kommune (Sverige) - har redusert klimagassutslepp med 41% frå 1993 - 2012 gjennom arbeid med kommunal klimaplan
- Kristiansand kommune har gjennom ENØK-tiltak kutta energiforbruket i kommunen med 23% fra 2007 - 2011
- Nedre Eiker kommune utdannar verneombod til miljøkonsulentar som gjev råd til kommunen. Til dømes har ein spart 14 000,- berre ved å redusere restavfallet på eit enkelt bu- og aktivitetssenter.

I § 112 i grunnlova heiter det at "Enhver har rett til eit miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturens ressurser skal disponeres ut fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etter slekten." Paragrafen gjev med andre ord sterke føringar for kva som ligg i ordet berekraftig, og denne paragrafen bør vektleggast i større grad i politiske avgjerder enn det tilfellet er i dag.

1. Eit miljøvenleg og levekraftig lokalsamfunn

MDG meiner at det skal vere mogleg å leve godt og miljøvenleg som innbyggjar på Osterøy, og at lokalsamfunnet vårt må organiserast og planleggast slik at det blir ein viktig del av løysinga på miljøproblema. Hovudfokuset ligg på god livskvalitet for alle framfor stadig aukande forbruk.

Osterøy MDG ønskjer å følge opp kommunen sin søknad om å bli eit biosfæreområde, som med knapt fleirtal blei vedteke før jul. Ordet "biosfære" tyder alt levande på jorda og det miljøet det lever i. Eit biosfæreområde fungerer som eit kreativt "laboratorium" for å

prøve ut måter å leve moderne, men med mindre belastning på ikkje-fornybare ressursar. Biosfæreområda er del av eit internasjonalt program, etablert av UNESCO, som er FN sitt organ for vitskap, utdanning og kultur.

Overordna klima-, energi- og miljøhandteringsplanar for mellom anna utslepp, energibruk, avfall og artsmangfald må liggja til grunn for planar på Osterøy.

Ein må tenkje heilskap og framtid før ein set i gong byggjeprojekt. Eksempel på dette er skule- og barnehageplassar, gang- og sykkelveggar, utvikling av næringsområder og kollektivtransport.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Vidare utvikling og oppfølging av energi- og klimaplan for Osterøy 2011, der ein målstyrer grøn utvikling mot eit berekraftig samfunn.
- Grøn sertifisering av kommunal verksemd, for å sikre at produksjon og distribusjon av varer og tenester vert gjort på ein måte som vernar om lokalmiljøet
 - Kommunale verksemder inn i Miljøfyrtårn-ordninga
 - Gjennomgang av kommunale bygg for å sjå på tiltak for å spare kostnader gjennom god energibruk
 - Realistiske planar for vedlikehald av kommunale bygg
 - Kjeldesortering ved kommunale institusjonar
 - Vern av matjord
 - Ei planlagt og skånsom utbygging som tar omsyn til fellesskapet og framtidige generasjonar
 - Vidareutdanne alle verneombod i kvar verksemd til å verte miljøkonsulentar - sjå til Nedre Eiker kommune
 - Styrke fagleg kompetanse og engasjement hjå kommunen sine ansatte innan miljøvernsaker
- Fremjing av gode miljøtiltak i private hushald
 - Utviding av kommunalt servicekontor til å inkludere rådgjevingfor miljøspørsmål
- Kommunale tiltak mot lokal forsøpling og forureining gjennom lovverk og haldningsskapande arbeid
 - Skrot skal ikkje liggje og slenge
 - Aktiv oppfølging av forureiningslova gjennom BIR sin plan om opprydding

2. Næringsliv, land- og havbruk

Lokalsamfunn treng livskraftig næringsliv. Eit levedyktig lokalsamfunn treng eit inntektsgrunnlag og lokale arbeidsplassar. Skal samfunnsutviklinga vere berekraftig, må me sørge for at levebrødet vårt kjem frå fornybare energikjelder. I ein overgangperiode der fornybar energi gradvis erstattar fossil energi, må kommunen jobbe for å omstille bedrifter som i dag leverer til oljenæringa. Kommunen bør kunne fungere både som rådgjevar, føregangsmodell og pådrivar for å påvirke befolkninga og lokalt næringsliv i forbruk og åtferd. Kommunen kan òg bidra til å skape marknader for grønne produkt og

betre høve for etablering av grønt næringsliv. Kommunen bør bidra med oppfølging og teknologiutvikling for bedrifter med store utslepp. Lokalt næringsliv må få informasjon om statlege støtteordningar for miljøteknologi.

MDG Osterøy vil støtte lokal næring om ønskjer å leggje til rette for sal av nærmat og arbeide for at kommunen aktivt medverkar til innkjøp frå, og marknadsføring av, lokale bedrifter. Me vil ha eit aktivt og levande torg, gjerne med avgiftsfrie salsplassar, for kortreiste produkt.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Grønare næringsliv gjennom miljøsertifiserte bedrifter
- Støtte til nyeatblering av arbeidsplassar som er miljøvenlege
- Bidrag til omlegging av arbeidsplassar som er avhengige av kol-, olje-, og gassverksemdar
- Aktiv opplysning om støtteordningar for bruk av miljøvennleg teknologi
- Stimulering til gründerverksemd og fleire grønne arbeidsplassar
 - Gje støtte til småbedrifter som baserer seg på berekraftig produksjon og bruk av lokale ressursar
 - Utarbeide ein strategiplan for å auke satsinga på grøn turisme (naturbaserte opplevingar som bidreg aktivt til natur- og kulturvern, i motsetnad til masseturismen), samt fremje tilgjengeleg og samla informasjon om turisttilboda i kommunen
- Prioritering av næringsareal til bedrifter som skapar lokale arbeidsplassar
- Støtte til økologisk og miljøvenleg landbruk gjennom
 - Kommunal målsetting om innkjøp av lokal mat
 - Omlegging til økologisk drift
 - Tilsetje skogbrukssjef
- Bu- og driveplikt for å ivareta levande bygder
- Distribusjon av lokale matvarer i matbutikker
- Arbeid for at oppdrettsnæringa må trappast ned så sant det ikkje kan dokumenterast at den drivast miljøvenleg og med god dyrevelferd
- Styrking av nærprinsippet, der økonomisk vinning kjem lokalmiljøet til gode. Til dømes ved å arbeide for at skatten frå laksenæringa kjem kommunen til gode
- Kartlegging og opprydding av farlig avfall og forureining
- Aktiv bruk av kommunal bøtelegging av miljøutslepp
- Stans av all vidare utbygging i strandsona
- Å leggje til rette for etablering av andelslandbruk og skulehagar
- Etablering av mottaksstasjon og innsamlingsordning for organisk avfall til kompostering

3. Oppvekst

Barna representerer framtida, og ein god og trygg barndom for alle er ei hovudmålsetjing for MDG. Barna sine behov for tryggleik, samt fråvær av mishandling og forsømming må alltid verte prioritert. MDG Osterøy ønskjer difor auka midlar til tidleg innsats i barnehagen for å førebyggje utfordringar seinare i utdannings- og livsløpet. MDG Osterøy krev at kommunen skal ha tiltenkte barnehage- og skuleplassar i alle planar for utbygging, samt ein langsiktig plan for elevkapasitet som sikrar at elevlar får skuleplass i

sitt nærområde. MDG vil jobbe for å hindre nedleggjing av skular og avdelingar i barnehagar, og satse på små grunnskular i nærmiljøet. Dette representerer livsnerven i gode lokalsamfunn og er vesentlege for å skape trygge oppvekstvilkår.

Me ønsker haldningsskapande opplæring i skulen for å påverke den oppvaksande slekt til å verte ansvarlege individer. Dei må få god opplæring i korleis økosystemet fungerer og korleis konsekvensen av åtfærd kan bringe systemet ut av balanse.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Eit godt offentleg barnehage- og skuletilbod, samstundes som ein gir gode vilkår for ikkje-kommersielle private alternativ
- Desentralisert og framtidsretta skulestruktur
- Trygge skuleveggar
- Styrking av tenester rundt barna (PPT, psykolog, barnevern, helsestasjon) og fokus på raskare saksgong
- Å sikre at kommunen har tiltak for å fange opp og hjelpe barn der foreldre slit med psykiske problem og/eller rusproblem
- Å sikre at tiltak som er satt i gang ikkje fell bort på bakgrunn av økonomi
- At skulane skal praktisere gjenvinning gjennom energisparing og aktiv kjeldesortering

4. Helse og omsorg

Gode offentlege tilbod kan bidra til å sikre god livskvalitet. Me vil sikre at alle får så gode levekår som råd er - uavhengig av kjønn, alder, bustad, yrkesstatus eller helsetilstand. Me vil arbeide for eit samfunn som fremjar god fysisk og psykisk helse basert på eksisterande forskning. Me vil auka ressursane til psykisk helsevern, slik at alle med psykiske vanskar får tilfresstillande behandling og oppfølging. Dette gjeld også om tilstanden er knytta til eit rusproblem. Me vil òg leggje til rette for at dei med redusert arbeidsevne kan få jobbe med tilpassa arbeid. Ein må då styrke den delen av kommunebudsjettet som går til helse- og omsorgstenestene slik at tenestene i kommunen får omfang og kvalitet på linje med andre kommunar.

MDG Osterøy vil jobbe aktivt for god inkludering av alle minoritetar i samfunnet, og aktivt motarbeide rasisme og anna form for diskriminering. Me vil ta initiativ til at Osterøy kommune oppfyller sitt ansvar for busetting av flyktingar og asylsøkjar. Me er ein del av verdssamfunnet og har ei moralsk plikt til å ta imot folk på flukt. Som eit minstemål må kommunen følge tilrådinga frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), og sørgje for integrering slik at nye ostringar vert ressursar for samfunnet.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Gjenetablering og styrking av frivillighetssentralen
- Å støtte tiltak for allsidig trening for å fremje god folkehelse
- Fleire tilpassa arbeids- og fritidstilbod for psykisk sjuke
- At folk med psykiske vanskar skal få best mogleg hjelp i sitt nærmiljø
- Verving av ambulansen på Osterøy
- Avslutting av legevaktsamarbeidet med Knarvik

- Ei nyetablering av kommunal legevaktordning, evt. legevaktsamarbeid med Arna/Bergen
- Eit godt omsorgs- og og eldretilbod basert på på valfridom for brukarane
- God integrering av flyktningar, ved hjelp av nært samarbeid med lokalt nærings- og organisasjonsliv, og spreidde flyktningbustader i grendene
- Eit tilbod om venskapskontaktar og venskapsfamiliar
- Styrking av rusomsorga gjennom ei auka satsing på tidleg intervensjon og ettervern
- Styrking av koordineringa av helsetenester for å unngå at brukarar vert "kasteballar"

5. Kultur, idrett og fritid

Kultur, idrett og fritidssyslar er viktige for å skape identitet og god folkehelse. MDG Osterøy ønskjer å vere pådrivar for å synleggjere og byggje ein felles identitet, tufta på verdiane og kunnskapen som allereie finst. Me vil ta vare på og løfte fram dei gode initiativa som kjem frå grasrota. Kommunen sin kulturkalender må vidareutviklast og vere dekkjande og oppdatert, for å synleggjere tilbod som finst i kommune.

Organisert idrett og kulturtilbod er viktig både for barn og vaksne. Idrettslag og kulturskule er viktige pilarar i ein kommune, både som utviklar av gode utøvarar, men òg som ein sosial brubyggar i kommunen. Difor er det viktig at den organiserte idretten og kulturskulen for barn ikkje blir gjenstand for usolidarisk klasseskilje ved for høge avgifter og materialkostnadar.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Utvida opningstid på biblioteket i Lonevåg, og vidareføring av distriktsvennlege bibliotekstilbod som bokbussen
- Auka støtte til kulturskulen for å gjere tilbodet billegare for den enkelte familie og auke tilbodet til å inkludere tradisjonshandverk
- Auka satsing på lokal kultur (mat, musikk, handverk) gjennom å leggje til rette for skulefagleg samarbeid med Osterøy museum
- Oppfølging av den lokale planen for kulturminneforvaltning
 - Sikre kulturminner
 - Synleggjere kulturminnene for innbyggjarar og turisme
- Levande bygder, ved å arbeide for momsfratak for forsamlingshus (ungdomshus, bedehus), tilsvarande avgiftsfritaka som idrettsanlegga får i dag
- Opprusting og etablering av turstiar, t.d. mellom Valestrand og Votlo (sykkelstandard)
- Bevaring av kommunal støtte til "Den kulturelle spaserstokken"
- Auka støtte til frivillige organisasjonar
- Arbeid for sterkare samarbeid med grendaråda
- Å leggje til rette for meir fysisk aktivitet uavhengig av dei store idrettsorganisasjonane (som t.d. skateboard, fotball og leik i nærmiljøet)
- Skilting og merking av turstiar i skog og mark i samarbeid med Osterøy turlag
- Oppdatering og god plassering av informasjonstavler på sentrale plassar i kommunen
- Støtte til rusfrie helgetiltak/kulturtilbod for ungdom

- Etablering av kommunal fritidsklubb
- Tilsetjing av kulturkonsulent for å tilretteleggje og samordne kulturtilboda på Osterøy

6. Samferdsel

Eit grønt og godt samfunn må ha eit berekraftig transportsystem. Det må òg vere trygt å reise på Osterøy. Transport på Osterøy er i alt for stor grad basert på privatbilisme. Det kollektive tilbodet på Osterøy må stå i samsvar med korleis innbyggjarane reiser i det daglege, både i arbeid og fritid. Me ønsker tilrettelgging for betre og meir bruk av kollektive tilbod til fritidssystemer for barn og vaksne. Me vil òg bidra til at større del av bilparken på Osterøy vert elektrisk.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Hyppigare bussavgangar
- Fleire ekspressruter for pendlarar til Bergen
- Fortsatt drift av ferjesambandet Valestrand - Breistein, også etter at brua er nedbetalt, for å sikre eit godt kollektivtilbod til fastlandet, og redusere utslepp ved å velje kortaste reiserute til Bergen
 - Arbeide for elektrifisering av ferja
- Bygging av fleire gang- og sykkelstiar (eks. Hauge-Valestrand, Haus-Mjeldalen)
- At alle vegstrekingar der det vert gjort utbetring/ending, må det òg gjerast med tanke på miljøvenleg transport (gang- og sykkelstiar)
- Utviding av parkeringskapasiteten i Arna og Åsane, gjennom dialog med Bergen kommune, slik at folk kan ta tog Arna - Bergen og buss Åsane - Bergen
- Ein utsleppsfri bilpark i Osterøy kommune, gjennom å velje el-bil ved kjøp av nye kommunal tenestebilar, og med ein ambisjon om 1000 private el-bilar innan 2020
- Fleire lade plassar for el-bil, både til normal- og hurtiglading ved alle større arbeidsplassar og knutepunkt i kommunen
- Rassikring av utsatte vegstrekingar
- Prioritering av vedlikehald av eksisterande vegnett framfor utbygging
- Utsifting av alle veglys til LED-lys

7. Økonomi

MDG har eitt hovudmål for økonomisk styring, og det er ein berekraftig økonomi. Det tydar at ein skal ha ein god balanse mellom investeringar og drift, og kva ein kan vedlikehalde og oppretthalde av tilbod. Ein skal drive godt og samstundes investere for framtida. Alle investeringar skal gje vinst for samfunnet og miljøet over tid.

MDG vil sette i verk klimasmarte tiltak der strømsparing og økonomisk vinst går hand i hand. MDG vil bruke erfaringer frå kommuner som Kristiansand og Växjö (Sverige) som har klart å kutte store mengder i kommunal energibruk og fått økonomisk vinst frå dette.

Økonomien er eit styringsverktøy som skal gje samfunnet og oss som bur her ein trygg og forutsigbar kvardag. Økonomien skal ikkje sjølv vere argumentasjon for kvifor ein gjer investeringar. Det er heilskapen, der ein tek omsyn til både nåtid og framtid som skal liggje til grunn for korleis ein styrer økonomien. Til dømes ved nye investeringar må framtidig vedlikehald liggje i budsjettet og vere ein del av investeringsrekneskapen.

Satsing på god folkehelse er òg eit døme på korleis investering for framtida kjem samfunnet og miljøet til gode.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Å gå gjennom alle bygg i kommunen med omsyn til energibruk. Her kan ein både spare pengar og energi
- Prioritering av vedlikehald og oppgradering av bygg og vegar framfor nybygging
- Å Gjere alle nye investeringar med omsyn til natur og miljø slik at folk kan leve gode liv på lokale plassar og ha trygge reisevegar
- Å oppretthalde eigedomsskatten
- Å vere ein pådrivar for at kommunale middel som til dømes pensjonsinnskot vert investert etter etiske og berekraftige retningslinjer
- Støtte til økologisk og miljøvenleg landbruk gjennom kommunal målsetting om innkjøp av lokal mat
- Støtte til etablering av bedrifter/butikker som ikkje har auka privat forbruk som hovdumål
- Styrking av nærprinsippet, der økonomisk vinning kjem lokalmiljøet til gode. Til dømes ved å arbeide for at skatten frå laksenæringa kjem kommunen til gode
- Stimulering til gründerveksemd og fleire grøne arbeidsplassar
 - Gje støtte til småbedrifter som baserer seg på berekraftig produksjon og bruk av lokale ressursar
 - Utarbeide ein strategiplan for å auke satsinga på grøn turisme (naturbaserte opplevingar som bidreg aktiv til natur- og kulturvern, i motsetnad til masseturismen) og samle informasjon om turisstilboda i kommunen og gjere dei lettare tilgjengeleg
 - Prioritering av næringsareal til bedrifter som skapar lokale arbeidsplassar

8. Lokaldemokrati

MDG Osterøy vil styrkje lokaldemokratiet. I eit berekraftig og demokratisk samfunn er kommunen først og fremst til for innbyggjarane. Kommunikasjonen må vere open tydeleg. MDG vil ha ein gjennomsiktig politisk arena for å sikre at lokaldemokratiet vert tilfredsstillande ivaretatt. Me vil auke inn innbyggjarane si påverknad gjennom fleire folkemøte og større openheit i den politiske prosessen. Planar som skal ut på høyring må presenterast for alle i kortfatta og lett forstålege samandrag for å unngå mistyding og politisk tåkelegging.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- God og ærleg tone, folkeskikk i lokalpolitikken
- "Spørjetime" i samband med heradsstyremøta
- Auka bruk av folkemøter som ein del av førebuinga av større politiske saker
- Ein meir open haldning i lokalpolitiske prosessar
 - Høyringsfristar i god tid på høvelege tider
- Samarbeid med frillige organisasjonar for å finne gode politiske løysingar
- Streaming på internett av alle møter i formannskapet og heradsstyret
- Reduksjon av løna til ordførar-stillinga slik at det harmoniserer med vanleg lønsnivå
- Arbeide for at Osterøy vert medlem av Transparency International, som arbeider for å avdekkja motarbeidande korrupsjon i samfunnet
- Ein grundig og demokratisk prosess for å vurdere kommunesamanslåing

9. Natur- og dyrevern

Me lever i ei tid med store miljømessige utfordringar. Dei menneskeskapte klimaendringane er det største trugsmålet mot jorda nokon gong. Me ønsker at jorda skal vere leveleg for menneskeheten òg i framtida. Kvar enkelt sin handlingar påverker heile jorda si framtid. Dette står så sentralt hjå MDG at du finn punkt om naturvern i alle andre punkt i vårt program.

MDG ønsker ein forvaltning av all natur som er berekraftig og sunn. Dette gjeld vårt miljø i vid forstand: i fjordane, på land og i lufta. God forvaltning inneber at ein vurderer påverknad på naturen i kvart tilfelle.

MDG Osterøy meiner det er svært viktig å verne om allemannsretten og vår felles natur.

Me ønsker å nå desse måla ved:

- Ein plan for å sikra artsmangfaldet og best mogleg ivareta raudelista artar. Levekåra for raudelista artar må ha høgare prioriteringsgrad
- Informering om og støtte til miljøvenlege nybygg, primært passivhus og andre hus som ikkje vert ein stor belastning for miljøet
- Å oppretthalde god skogdrift for å hindre gjengroing og drive haldningsskapande arbeid og kursing av innbyggjarane i det private og i næringslivet
- Arbeid for at oppdrettsnæringa må trappast ned så sant den ikkje kan dokumenterast at den drivast miljøvenleg og med god dyrevelferd
- Å utarbeide ein plan for varig vern av områder som ivaretar eit biologisk mangfald
- Oppmoda hund- og katteeigarar om id-merking av dyra. Kastrering og sterilisering av dyr som går laus